

Haram kommune  
Gutterm Ulla  
Storgata 19  
6270 BRATTVÅG

Deres ref.

Vår ref.

13/540-14

Dato

10.7.2013

**Statsbudsjettet 2013 - Kap. 552, post 72 - tilsegn om tilskot på inntil 1 900 000 kroner til Program for integrering i Haram, Bolyst 2013**

Tilsegnsnr. 13242059

Vi viser til:

- Utlysing av bulystmidlar på [www.regjeringa.no/bolyst](http://www.regjeringa.no/bolyst)
- Søknad frå Haram kommune, datert 8.3.2013.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 1 900 000 kroner til prosjektet Program for integrering i Haram, i regi av Haram kommune i 2013. Dette er ei eingongsløyving for heile prosjektperioden. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

**Målet med bulystsatsinga**

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Utvikling av attraktive regionar og sentra for folk og næringsliv er viktig for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål. Dei 49 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreiing. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepene bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar læring, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Departementet vil oppfordre fylkeskommunane til å ta ein rådgjevar- og støttespelarfunksjon for dei utviklingsprosjekta som no får støtte gjennom bulystsatsinga. Vi ser fylkeskommunane som ein heilt sentral nettverksbyggar og

regional tilretteleggjar for lokale prosjekt. Med utgangspunkt i fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar er det naturleg at dei tek støttespelarrolla for prosjekta. Vi ynskjer at fylkeskommunane inkluderer dei som har lokalt prosjektansvar for bulystprosjekta i sitt arbeid med lokal- og regional utvikling.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktscenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling.

Prosjektansvarlege bør òg bruke [www.distriktscenteret.no](http://www.distriktscenteret.no). Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vedlagt finn de ein rettleiar frå Norsk senter for bygdeforskning om lokal samfunnsutvikling. Rettleiaren kan lastast ned via følgjande lenke, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederlokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi har også lagt ved eit hefte frå Distriktscenteret som oppsummerer kunnskapen Distriktscenteret har om gode grep i lokalt utviklingsarbeid.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til KRD og Distriktscenteret. Vi ynskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

## Mål for prosjektet

Haram kommune skal skape felles forståing og handling for arbeidet med integrering av innvandrarar. Det skal lagast ei oversikt over tiltak som alt finst, finne fram til område som må gjerast betre, og kva nye tiltak som skal settast i verk for samla å bli betre på integrering.

Nokre av tiltaka er å knytte språkopplæringa nærmare til arbeidslivet og til lokal kunnskap, å få innvandrarar meir med i lokale aktivitetar, etablere gode rutiner for å ta imot innvandrarar, informasjon, bustader, engasjere lag og organisasjonar og arbeidsgjevarar.

Kommunen har ein ambisjon om at det lokale arbeidet i Haram skal vere til nytte for andre kommunar med liknande utfordringar.

## Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 5 000 000 kroner. KRD gjev tilsegn om inntil 1 900 000 kroner over kap. 552, post 72 i 2013. KRD gjer merksam på at vårt tilskot gjeld fram til og med 2015.

Følgjande budsjett ligg til grunn for tilskotet :

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Følgeforskning	50 000	100 000	100 000			250 000
Kostnad til utstyr, møte arrangement, leige av lok	50 000	100 000	100 000			250 000
Leige av kompetanse, kompetanseutvikling	100 000	200 000	200 000			500 000
Lønnskostnader prosjektleiar inkl sosiale kostnade	350 000	700 000	700 000			1 750 000
Samarbeidspartane bruk av tid	150 000	300 000	300 000			750 000
Tidsbruk eigenandel	300 000	600 000	600 000			1 500 000
Sum kostnad	1 000 000	2 000 000	2 000 000			5 000 000

KRD gir eit tilskot som er noko mindre enn omsøkt beløp. Vi ber difor om at Haram kommune sender inn revidert budsjett eller ny finansieringsplan, i samband med stadfestinga av at tilskotet tas imot på dei vilkåra som er gitt. Frist for dette er 1.9.2013.

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av prosjektkostnadane. Sjå retningsliner for posten på [www.regjeringen.no/krd/retningslinjer](http://www.regjeringen.no/krd/retningslinjer).

### Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Haram kommune i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at kommunen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber kommunen vere merksam på at dersom kommunen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må kommunen halde seg til reglene om offentleg stønad.

Kommunen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

### Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Haram kommune må innan 1. september 2013 stadfeste ovanfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskotet vert motteke på vilkåra i dette brevet. Projektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa

- er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må òg innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.
  3. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskotet tilsvarande. Tilskotsmidlar som departementet har utbetalt kan òg bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.
  4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12.  
Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

## Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk legge vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema.

Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2014. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på [www.regjeringen.no/bolyst](http://www.regjeringen.no/bolyst). Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

## Utbetalning

For å få midlar må prosjekteigar be KRD om å gjere ei utbetalning (utbetalingsoppmoding).

Utbetalninga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetalte inntil 25 pst. av tilskottet når prosjekteigar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetalning).
2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalta (etterskotsutbetalning). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.

3. Den siste delen av tilskotet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskottsutbetaling).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfestande rekneskap leverast av:
  - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
  - b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
6. Tilskotet er gyldig i tilsagnsåret, og dei to påfylgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2015. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2015.
7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld òg det finansielle ansvaret.

Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.

**Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no):**

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Revidert budsjett, finansierings- og framdriftsplan innan 1 sept.2013.
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalinger (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing

Gerd N. Slinning (e.f.)  
avdelingsdirektør

Judith Kortgård  
fagdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal  
fylkeskommune  
Distriktsenteret -  
Kompetansesenter for  
distriktsutvikling  
Riksrevisjonen  
Olsen, Kirsten

Fylkeshuset	6404	MOLDE
Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Postboks 8130 Dep	0032	OSLO